Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og mosing

Oppskr. av: T. Austrumdal

(adresse): Vikesa

Fylke: Rogaland

Herad: Bjerkreim

Bygdelag: Øvre byggdi

Gard: Austrumdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lynging.

Solangt tilbake som folk kann minnast hev det vore vanlegt heribyggdi å sanka lyng um hausten til å drya på foret um vinteren. Denne lyngslåtten vart delvis driven tie umlag hundradårsskiftet. No er det heilt slutt.

A. 2) Lyngslåtten gjekk altid fyre seg seint um hausten eller vinteren um ikkje snöen var ivegen

3) Lyngen vart altid slegen med vanleg ljå og langorv.

4) Mannfolki slår altid, og er det höve tie det so er kvinfolki med og rakar saman

5) Tredie eller fjordekvart år

6) Dei köyrer lyngen anten på slede eller, ~~eller~~ um det er höve tie det, langkjærra

7) Lyngen er lett å lagra soleis ei tid um vinteren. Det er berre å leggja han med slik han er slegen inne i löda.

8) Det er helst kui som fær lyngen.

1626

Ei gong um dagen kann kui setja
tillins eit dugelegt fang lyng.
9) Som attotfôr er det vel brukbart.

B. Lyng som beite.
1) Frå graset hev visna um hausten
til graset kjem att um våren. Det
er ingen som veit um at nokon hev
sopa vekk snöen.
2) Sau og geit og kyr ogso.

3) Det var og er ein vanleg framgangs-
måte
4) Det syner seg at når kretur vert
fôra godt ellers, so trivs dei betre av
å få ta seg ein tur ut ei tid av dagen

II Mosing
Dette er ukjennt fôr her i bygdi

1626
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING